

# Kommunal planstrategi

2024-2027

Skjåk kommune

# Innhold

Innleiing	3
Rammer for planstrategien	4
Plansystemet i Skjåk kommune	6
Utfordringsbildet	8
Demografi	9
Arealbruk	11
Ung i Skjåk	12
Utdanning	14
Nærings og arbeidsliv	16
Landbruk	18
Klima, miljø	20
Planoversikt	21

# Innleiing

Den kommunale planstrategien er retningsgjevande for arbeidet i kommunen i åra framover. Kva utviklingstrekk ser vi, og kva behov leier utviklinga til? Kva planverk treng kommunen for å møte framtida?

Planstrategien er ikkje ein plan i seg sjølv, men syner kort sagt kva planverk kommunen treng for å møte utfordringar og moglegheiter i Skjåk.

Utarbeidninga av planstrategien er ei lovpålagd oppgåve som skal skje kvar valperiode. Den skal syne kva planarbeid som skal prioriterast og kva ressursar som trengs, og er såleis også eit viktig politisk styringsverktøy. Dette føreset at kommunen har ein ståstad basert på realisme, knytt både til dagens situasjon og utviklingstrekka inn i framtida.

For ikkje å gjere planleggingsarbeidet meir omfattande enn ønskt er det også viktig å ha eit kritisk blikk på kva planar vi faktisk treng.

Behovsstyrт planlegging føreset at vi veit noko om dagens situasjon i kommunen, kva utvikling som er venta og kva politikk som er ønskt.

Planstrategien er eit styringsdokument som folkevalde og administrasjon skal nytte som rettesnor for sitt arbeid.

Planstrategien er bestemmande for kva planarbeid som skal prioritert, og er eit viktig politisk styringsverktøy.

## Plan-strategi

Planane som blir utarbeidde skal vere vurdert som naudsynte for å styre utviklinga i ønskt retning.

Planlegging styrt av behov er basert på ei realistisk tilnærming til dagens situasjon og den trulege utviklinga.

# Rammer for planstrategien

Kommunen si drift og utvikling skjer ikke isolert frå resten av regionen eller landet. Kommunen må halde seg til regelverk, retningslinjer og forventningar frå både nasjonale og regionale styresmakter. I tillegg skal lokaldemokratiet stille sterkt med sine ønske for utviklinga av samfunnet.

## Plan- og bygningslova

Gjennom plan- og bygningslova § 10-1 er det bestemt at kommunestyret minst ein gong kvar valperiode skal utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Denne bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, som langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, verksemda i tenestene, samt ei vurdering av planbehovet i valperioden.

## FNs berekraftmål

Regjeringa har bestemt at FN sine berekraftmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar. FN sine berekraftmål er verdas felles arbeidsplan for å imøtekome dagens behov utan å øydelegge moglegheitene for at komande generasjonar skal få dekt sine behov. I dei 17 berekraftmåla ser ein økonomi, miljø og sosial utvikling i samanheng.

## Nasjonale og regionale forventingar

Eit av dei viktigaste styringsverktøya for kommunen si planlegging er *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*. Det gjeldande forventingsdokumentet vart vedteke ved kongeleg resolusjon 20. juni 2023, og er gjeldande i ei fireårsperiode til 2027. Fem overordna perspektiv ligg til grunn: Sosial, økonomisk og miljømessig berekraft, samfunnstryggleik og beredskap og samarbeid for å nå måla.

## Innlandsstrategien

Innlandsstrategien er Innlandet fylke sin planstrategi. Innbyggjarar, inkludering, innovasjon og infrastruktur er satsingsområda.

Det er foreslått tre langsiktige utviklingsmål i Innlandsstrategien:

- Berekraftig ressursforvalting som gjev utvikling og nye arbeidsplassar
- Levande lokalsamfunn med berekraftige byar, tettstadar og bygder
- At aktørar i fylket vårt får større nasjonal betydning og synlegheit

## **Statlege planretningsliner**

Dei statlege planretningslinene legg føringar for den kommunale planlegginga. I praksis betyr det at retningslinene skal takast omsyn til i kommunane sitt planarbeid. Døme på slike retningsliner er rikspolitiske retningsliner for barn og planlegging, og statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

## **Lov om folkehelse**

Lova skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, mellom anna ved å utjamne sosiale helseforskjelar. Loven fastset at folkehelse er eit ansvar i alle sektorar, ikkje berre i helsesektoren.

## **Bustadsosiale omsyn**

Bustadsosial lov gjev kommunane eit tydeleg ansvar for organisering og planlegging av det bustadsosiale arbeidet, og at dette skal knytast til planstrategi og kommuneplanar. Lova inneber også ein vedtaksfesta rett til individuell bistand for innbyggjarane.

## **Samfunnstryggleik og beredskap**

I alle planar skal samfunnstryggleik og beredskap ivaretakast. Kommunen har ansvaret for den lokale beredskapen, og i tillegg til plan- og bygningslova er sivilbeskyttelseslova særleg viktig i dette arbeidet.

# Plansystemet i Skjåk kommune

## Kommuneplanen

Alle kommunar er pålagde å ha ein overordna plan: Kommuneplanen. Denne er todelt, og inneheld ein samfunnsdel og ein arealdel. Arealdelen for Skjåk vart vedteken i 2021, medan samfunnsdelen går attende til 2018.

## Økonomiplan og budsjett

Kommuneplanen har ein handlingsdel: Økonomiplanen. Det er gjennom denne at måla i kommuneplanen skal effektuerast. Økonomiplanen er fireårig, og det første året svarar til kommunen sitt årsbudsjett. Årsbudsjettet og økonomiplanen blir revidert og vedteke årleg.


Ved å kople kommuneplan og økonomiplan vil kommunen kunne planlegge langsiktig, samtidig som ein sørger for jamleg revidering.

## Andre planar

I tillegg til desse overordna planane har kommunen tema- og sektorvise planar. Døme på dette er klima- og miljøplanen som vart vedteken i 2023, og næringsplanen.

## Arealplanar

For å planleggje bruken av areala i kommunen er det vedteke fleire reguleringsplanar. Desse har meir detaljerte reglar enn kommuneplanens arealdel for kva ein kan nytte areala til og kva tiltak som kan gjerast kvar, til dømes bustadbygging, handel og offentlege tenester og landbruksdrift, kvar ein skal ta vare på natur og kvar det skal kunne drivast landbruk.



# Utfordringsbildet

Til ei kvar tid må kommunen arbeide for å møte utfordringar og moglegheiter på ein best mogleg måte. Aller helst på forskot. Dette føreset at ein arbeider både lokalt i kommunen og bidreg på regionalt, nasjonalt og til og med globalt nivå – avhengig av kva oppgåva eller utfordringa er.

Regionen Nord-Gudbrandsdalen består av seks kommunar med lågt folketal. På somme område er det naudsynt å samarbeide, fordi det er mest forsvarleg, og fordi ein slik nyttar kompetanse og ressursar på ein best mogleg måte. I framtida vil samarbeid fortsatt vere ein viktig bidragsyta inn i den kommunale oppgåveløysinga.

Mange av dei kommunale oppgåvene er lovpålagde, både for korleis kommunen blir drifta og korleis ein skal levere tenester til innbyggjarane. I tillegg tek kommunen på seg oppgåver vi ikkje har krav på oss til å gjennomføre, men som vi gjennomfører fordi vi meiner det bidreg positivt til bygda og innbyggjarane.

## Nedgang i folketalet

Folketalet går ned i Skjåk og andre distriktskommunar.

## Aldrande befolkning

Fleire eldre og færre unge, dette er utfordrande for omsorg og arbeidsliv.

## Fleire utanfor arbeidslivet

Låg arbeidsløyse, men mange står utanfor arbeidsliv og utdanning.

## Naturtap og klimaendringar

Tap av verdifulle artar og naturområde og endringar i klimaet fører til utfordringar og krev løysingar.

## Urbanisering

Vekst i byområda, folketalsnedgang i distrikta.

## Digitalisering

Digitalisering i alle delar av samfunnet fører til omstillings- og læringsbehov.

## Krig

Fleire er på flukt. Integrering gjennom bustad, utdanning og arbeid er stadig viktig.

# Demografi

Som i bygde-Noreg elles går folketalet i Skjåk jamt nedover. Talet på busette i kommunen er redusert med 52 personar sidan 2020. Sidan år 2000 er det ein reduksjon på om lag 240 personar.

I Skjåk var det i 2023 65 personar som flytta inn i kommunen, og 62 personar som flytta ut. At folk flyttar til kommunen bidreg til at folketalsnedgangen blir mildare enn om vi berre baserte tala på antal fødde og daude.


Ved inngangen til 2023 var det busett 127 innvandrarar i kommunen. Dette bidreg også positivt inn i folketalsutviklinga, sjølv om heller ikkje innvandringa er tilstrekkeleg til å oppretthalde eller auke folketalet.

Med utgangspunkt i SSB sine framskrivingar kan ein forvente ein


reduksjon i innbyggjarar på om lag 140 personar fram mot år 2030 (frå nivå i 2125 i 2023), og ytterlegare ein reduksjon på om lag 380 personar fram mot år 2050. Folketalsframskrivingar er ingen fasit, men gjev ein indikasjon på utviklinga basert på kunnskapen vi har i dag. I kommuneplanens samfunnssdel 2017-28 er det skissert tre tenkte utviklingsbilde for Skjåk; eit pessimistisk, eit nøkternt og eit optimistisk bilet. Dette er også basert på framskrivingar.

Demografien er utan tvil ei stor utfordring for utviklinga av Skjåk-samfunnet framover. Med ein kombinasjon av nedgang i folketalet, færre i arbeidsfør alder og fleire i pleietrengande alder må vi planlegge og drifta kommunen annleis enn før.


## Befolkningspyramide, fordeling på alder, 2024 (SSB)



## **Historisk folketal og framskrivingar, år og antal innbyggjarar**



## **Flytting ut og inn av Skjåk**



Kjelde: SSB

# Arealbruk

Det er særleg bustad og fritidsbustad som er aktuelle tema knytt til arealbruk, i tillegg til næringsareal. Kommuneplanens arealdel vart vedteke i 2021, og det er ikkje vurdert som aktuelt å revidere denne dei fyrste åra. Planarbeidet som trer fram som det viktigaste i kommunal regi, er nå ny reguleringsplan for Bismo. I botn for denne ligg eit moglegheitsstudie fullført i 2024. Til dømes bustad, infrastruktur, næringsareal og sosiale møteplassar er tema her, og reguleringsplanen er vurdert som ein viktig plan å få på plass i nær framtid. Det er også vurdert som naudsynt å arbeide med reguleringsplanane for næringsområda i Bismo.

Byggeaktiviteten er relativt låg. Talet på byggesøknadar har gått jamnt nedover: I åra 2018-2020 låg talet på over 90, medan det i 2023 var 40 handsama søknadar i kommunen. Nedgangen er å finne att i tala for både Innlandet og landet utanom Oslo.

Ved utgangen av 2023 var det 1354 bustadar i Skjåk. Bustadmarknaden er utfordrande, med lite utval og variasjon for kjøp og leige. Skjåkværar flest bur i einebustad. I 2023 vart det omsett 14 bustadar på den opne marknaden i Skjåk.

Fire bustadar i Bismo, ferdigstilte i 2023, skal gje potensielle nye skjåkværar moglegheita for å prøvebu. Førebels er det gode erfaringar med denne kommunale investeringa. I prosjektet *Sats på Skjåk*, førebels finansiert ut 2024, arbeider med bustadar og tilflytting.

For å møte utfordringane i bustadmarknaden kan kommunen vidareutvikle og igangsette tiltak, m.a. i samarbeid med Husbanken.

- I dag er 1002 dekar sett av til bustadareal. Noko av dette er bebygd og noko er ikkje byggbart, så den kalkulerte planreserven for bustad er 183 dekar (Innlandsstatistikk).
- Det er over 70 ledige bustadtomter i område regulert til bustad. Areal i kommuneplanen som enda ikkje er regulert, kan utgjere 60-70 bustadtomter.

Av nesten 92 000 fritidsbustadar i Innlandet er det nå 725 i Skjåk. Talet inkluderer også heilårsbustadar og våningshus som blir nytta som fritidsbustadar. Sju av desse vart omsett på den frie marknaden i løpet av året.

- 1410 dekar er sett av til fritidsbustadar i gjeldande planverk. Noko av dette er bebygd og noko er ikkje byggbart, så den kalkulerte planreserven er 860 dekar.
- Jamfør kommuneplanens arealdel er planreserven 130 tomter i område som ikkje enda er regulert, og omlag 140 i område som er regulert. Total berekna tomtereserve for fritidsbustadar er slik omlag 270.

Kjelder: Kommuneplanens arealdel, SSB og Innlandsstatistikk

# Ung i Skjåk

## Ungdata-undersøkinga

Ungdata er lokale barne- og ungdomsundersøkingar der skuleelevar over heile landet svarar på spørsmål om korleis dei har det og kva dei driv med. Ungdata gjev eit godt innblikk i korleis det er å vere ung i Noreg i dag. Undersøkinga vart gjennomført i mars/april 2024. Her refererer vi til nokre av funna, og på [ungdata.no](https://ungdata.no) kan ein sjå alle tala for Skjåk.

### Ungdata junior (5.-7. steg, 40 svar)

Dei aller fleste, 89 %, er godt nøgde med livet sitt for tida.

75 % svarar at dei alltid har nokon å vere saman med i friminutta. 55 %, over landssnittet, melder at dei er veldig nøgde med skulen dei går på.

Heile 69 %, over landssnittet, svarar at dei er veldig nøgde med lokalmiljøet sitt. 80 % melder at dei er med på faste fritidsaktivitetar.

32 % melder at dei brukar 3-4 timer framfor ein skjerm på fritida. 30 % melder at dei nyttar sosiale medium meir enn ein time om dagen.

Mor er den personen dei unge meiner dei heilt sikkert eller kanskje kan prate med vanskelege ting om, helsejukepleiaren på skulen kjem på andre plass og far på tredje.

- 5 % på 5.-7. steg melder at dei har vorte utsette for mobbing fleire gonger i veka dei siste tre månadene.
- 38 % melder at nokon har stengt dei ute frå sosiale ting på nett.


- 30 % svarar at nokon har skrive stygge eller sårande ting til eller om dei på nettet.

### Ungdata (8.-10. steg, 45 svar)

83 % i denne gruppa svarar at dei er tilfredse med livet. Gutar er meir tilfredse med seg sjølv enn jenter, og kjenner meir på positive kjensler. 58 %, som er på landsgjennomsnittet, svarar at dei er heilt sikre på at dei har minst ein ven som dei kan stole på og betru seg til. Samtidig svarar 2 % at dei som regel ikkje har nokon å vere saman med i friminutta. Talet som er nøgde med skulen ligg under landsgjennomsnittet, samtidig ser vi at 72 % trivst på skulen.

Rusmiddel har vore eit bekymringsfullt punkt over tid i Skjåk, prosentdelen av elevar på ungdomssteget som har vore rusa på alkohol er stadig aukande, og har gått opp frå 24 % i 2015 til 37 % i 2024. Heile 35 % melder at dei får lov å drikke alkohol av dei føresette, nasjonalt ligg dette talet på 6 %.

Andelen som melder at dei røykjer har også gått opp frå 1 % i 2015 til 9 % i 2024, og Skjåk ligg godt over landsnittet på røyking i denne aldersgruppa. Same trend gjeld for snusing og vape/e-sigaret og narkotika.



Utvalde tal frå Ungdata-undersøkinga i Skjåk, 8.-10 steg, 2024. Tal for landet i parentes. Kjelde: Ungdata

# Utdanning

## Elevtal og kvalitet i grunnskulen

Talet på elevar i grunnskulen i Skjåk har hatt ein nedgang på 19 elevar frå skuleåret 2019/2020 til skuleåret 2023/2024. Det totale talet i skuleåret 2023/2024 er 183 elevar som fordeler seg på 130 elevar på barnesteget og 53 elevar på ungdomssteget.

For å måle kvaliteten på grunnskulen ser ein på skulebidrag og grunnskulepoeng. Skulebidrag handlar om å sjå på dei føresetnadane elevane har med seg inn i skulen og måle dette opp mot resultata elevane får på nasjonale prøver. Dersom skulebidraget er på 0 er elevane på forventa nivå, er dei på høgare enn 0 har skulen sin innsats bidrige til å høgde dei, medan eit skulebidrag under 0 tilseier at skulen i mindre grad enn venta har greidd å få elevane til å oppnå det som er forventa. Skulebidraget er ikkje ei absolutt sanning, men ein indikasjon. Skjåk har hatt eit negativt skulebidrag for 1.-4. steg dei siste fem åra. Det er høgare for 5.-7. steg. Det blir arbeidd med auke av skulebidraget for dei lågaste klassestega.

Grunnskulepoeng er den samla poengsummen som er rekna ut frå alle karakterar elevane tek med seg ut etter 10. steg. Skjåk har eit varierande nivå, men er i nærleiken av det nasjonale.


## Vidaregåande skule

- Dei fleste ungdomane i Skjåk startar på vidaregåande utdanning rett etter grunnskulen.
- Dei siste tre åra har fleire starta på yrkesfag enn på studieførebuande.
- Elevar frå Skjåk har ein høg gjennomføringsgrad, høgare enn både landssnittet og snittet i Innlandet.

## Utdanningsnivå i befolkninga


- Antalet med høgste utdanningsnivå grunnskule og vidaregåande er i Skjåk på og over snittet i Innlandet og landet.
- Det same gjeld utdanning på fagskulenivå.
- Tala for utdanning på høgskule og universitet ligg godt under snittet både i fylket og i landet.

## Utdanningsnivå i befolkninga




2023. Kjelde: SSB

## Fordeling av elevar frå Skjåk i vidaregåande opplæring



Fordeling på studieførebuande og yrkesfag, elevar frå Skjåk. Kjelde: Innlandet fylkeskommune

## Gjennomføringsgrad, vidaregåande opplæring



Samanslegne kull, glidande gjennomsnitt. Kjelde: Innlandet fylkeskommune

# Næring og arbeidsliv

Skjåk har ein brei og mangfaldig næringsstruktur, inkludert store industribedrifter. Totalt antal bedrifter er 451 (siste tal i 2024).

Bedrifter i Skjåk har få tilsette. Heile 66 % av bedriftene er små bedrifter med ingen tilsette. Dette er på line med Innlandet. Primærnæringane er dominerande målt i tal på bedrifter.

Arbeidsløysa i Skjåk har dei siste åra vore låg. I mars 2024 var 1,2 % av arbeidsstyrka heilt arbeidsledig. Dette er under nivået i Innlandet, som var på 1,9 %. I aldersgruppa 17-74 år var det 1099 sysselsette med bustadadresse i Skjåk. I følgje SSB pendlar 279 personar *ut* av kommunen for å arbeide, medan 192 pendlar *til* Skjåk.

Om lag 20 % av dei sysselsette som er busette i Skjåk arbeider i helse- og omsorgstenester, medan det tilsvarende talet innan jordbruk og tilhøyrande tenester er 13,3 %.

Nærings- og arbeidsliv er avhengig av tilgang på arbeidskraft. Med det utfordrande demografiske bakteppet blir eit sterkt og berekraftig næringsliv ein stadig viktigare drivar og ein føresetnad for ei sunn utvikling av Skjåk-samfunnet. Fleire av kommunen sine verkemiddel er forankra i den vedtekne næringsstrategien, med grunnlag i utfordringsbildet frå kommuneplanens samfunnsdel.

Næring	Tal på bedrifter	Andel (%)
Jordbruk, skogbruk, fiske	171	37,9
Bygge- og anleggsverksemd	37	8,2
Omsetnad og drift av fast eigedom	35	7,8
Varehandel, reparasjon av motorvogn	30	6,7
Industri	24	5,3
Helse- og sosialtenester	24	5,3
Overnatting og servering	20	4,4
Kultur, underhaldning, fritid	18	4,0
Forretningsmessig tenesteyting	18	4,0
Transport og lagring	16	3,5
Fagleg, vitskapleg og teknisk tenesteyting	16	3,5

Bedrifter innan utvalde næringar i Skjåk. Lista er ikkje utfyllande. Kjelde: SSB

Nokre føresetnadar for å lykkast med berekraftig næringsutvikling i Skjåk:


- Tilgang på næringsareal: Med unntak av eit nyleg ferdig regulert og attraktivt næringsareal på Øyberget er det lite tilgjengeleg næringsareal.
- Tilgang på arbeidskraft og kompetanse: Målretta satsing på ungdom og rekruttering gjennom Sats på Skjåk og auka samarbeid med næringslivet er viktig
- Tilgang på eigna bustader: Halde fram med tiltak for å utvikle marknadene for både leige og eige og vidareutvikle desse, m.a. i samarbeid med Husbanken.

Kommunen kan arbeide for å gjere Skjåk enda meir attraktivt for næringsutvikling framover ved å:

- Utvikle næringsklynger i samarbeid med bedriftene
- Leggje til rette for staduavhengige arbeidsplassar
- Sørgje for at næringsfondet er eit effektivt og målretta verktøy for etablering og utvikling
- Arbeide med miljøsertifisering og berekraftsarbeid
- Auke samarbeid og nettverksbygging

Dei siste åra har reiselivet i Skjåk hatt ei sterkt utvikling, og denne næringa har eit stort potensial framover.

Kommunen kan bidra til verdiskapinga ved å leggje til rette for auka samarbeid og satsing, og ved å arbeide med besøksforvaltning og ei berekraftig utvikling i grensesnittet mellom naturvern og næringsutvikling.



Storleik på bedrifter og antal tilsette. Kjelde: SSB

# Landbruk

Landbruket har stor betydning for sysselsetting og verdiskaping i Skjåk. Utviklinga i landbruket generelt har dei siste tiåra gått i retning av færre og større einingar. I 2003 var det 174 aktive jordbruksbedrifter i Skjåk, og i 2023 var talet redusert til 128. Særleg innanfor mjølkeproduksjon og svineproduksjon har det vore ei stor avskaling av produsentar i denne perioden.

I 2034 trer lausdriftskravet for storfe i kraft, og det har vore investert i relativt mange nye lausdriftsfjøs dei siste 5-6 åra. Til trass for dette er Skjåk i ein situasjon der vi i ytste konsekvens kan miste 18 mjølkebruk innan 2034 dersom ingen av dagens båsfjøs blir bygd om til lausdrift. Dersom ein legg til grunn Tine sine berekningar frå 2021 som viser at eitt mjølkebruk genererer 2,4 arbeidsplassar utanom garden, så kan dette scenarioet føre til 61 færre arbeidsplassar i Skjåk i løpet av ein 10-års periode. Dette vil utan tvil ha store negative ringverknadar for heile lokal-samfunnet.


Rasjonaliseringa i landbruket har gjort produksjonen av mat meir effektiv. Samtidig er det fleire og fleire, også lokalt, som uttrykker bekymring for den auka arbeidsbelastninga som drift av større einingar fører med seg. Det er krevjande å oppnå stordrifts-

fordelar i fjellandbruket med små teigar og därleg arrondering. Risikoен er at produsentar hamnar i ein situasjon der det er vanskeleg å halde fram med drifta som følgje av høgt arbeidspress og låg lønnsemd/høg gjeldsbelastning.


Utnarka er ein viktig ressurs for landbruket, og årleg er om lag 7 000 dyr på beite i utmarka på sumaren. Ny teknologi gjer det mogleg å nytte utmarksbeitet på ein enda meir effektiv måte, og i eit berekraftperspektiv er dette positivt. Rovviltproblematikk er ein stor trussel mot beitenæringa i Skjåk, og tap av sau til jerv har vore eit omfattande og stadig aukande problem over fleire år. Rovvilsituasjonen er ei stor belastning for sauebøndene. Dei blir påført økonomiske tap, samtidig som det ei stor psykisk påkjenning for dei som blir ramma av rovdyrangrep.

Ei av styrkane for landbruket i Skjåk, samanlikna med mange andre distriktskommunar, er at mange unge overtar gardar og vel å drive aktivt vidare med husdyrproduksjon. Det blir viktig i åra som kjem å bygge opp under den gode trenden med generasjons-skifte, og legge til rette for dei som ønsker seg inn i næringa.

## **Utvikling i talet på jordbruksbedrifter og jordbruksareal i drift 2003-2023**



## **Utvikling i tal på føretak fordelt på husdyrslag 2003-2023**



# Klima og miljø

Hovudfunna i den sjette hovudrapporten frå FNs klimapanel er tydelege: Menneskeleg aktivitet har varma opp klimaet. Regionale og lokale klimaendringar kan bli store, knytt til auka nedbør, auka tørke og meir ekstreme værforhold over heile kloden. Også lokalt må det mobiliserast i arbeidet for å nå dei nasjonale og internasjonale klimamåla. Lokalt må vi løyse utfordringane som klimaendringane fører med seg, både i forkant av hendingar og når hendingar oppstår.

Skjåk kommune utarbeidde våren 2023 ny klima- og miljøplan. Dette er Skjåk sin plan for å redusere klimagassutslepp og klare omstillinga til eit lågutsleppsamfunn. Kommunen ligg langt etter på arbeid innan klima- og miljø, og ser ein på kommunebarometeret, kjem Skjåk dårlig ut. Klima- og miljøplanen sin handlingsdel viser satsingsområde, delmål og tiltak innanfor:


- Energiforsyning og energibruk i kommunale bygg
- Kommunale innkjøp, forbruk og avfall
- Haldningsskapande arbeid og innbyggarinvolvering
- Stadsutvikling, arealbruk og transport

- Klimasmart næringsliv, jordbruk og skogbruk

Klima- og miljøplanen inneheld ambisiøse, men samtidig realistiske, målsettingar og tiltak for korleis Skjåk skal arbeide for å nå måla i plan.

I handlingsdelen ligg det klare føringar for vidare arbeid. Skal vi fortsette det gode arbeidet som nå er i gang, er det viktig at det blir sett av ressursar som speglar måla vi har sett oss.

## Utslepp (tonn CO2-ekvivalentar, Skjåk)



Kjelde: Miljødirektoratet

# Planoversikt

Hensikta med planstrategien, og herunder planoversikta, er å prioritere planoppgåvene og sikre politisk styring med planlegginga, slik at den blir tilpassa behovet og ikke blir meir omfattande enn naudsynt.

## Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel, med tittelen «Innovasjon og tradisjon», vart vedteken for perioden 2017-2028. Det er behov for å fornye og spisse planen, og dette er ei prioritert oppgåve med oppstart i 2025. Ved å tilpasse planen dagens forhold og framtidsutsikter kan ein tydeleggjere mål og la den bli eit meir aktivt verktøy i det administrative

og politiske arbeidet. I dette ligg også viktigheita av ei realistisk tilnærming til planlegginga, for å kunne tilpasse den kommunale drifta og Skjåk-samfunnet best mogleg til framtida.

I revideringa er det aktuelt å ta inn mål frå andre planar i kommuneplanen, jamfør planoversikta. Tanken er å slik redusere planverket i kommunen og gjere det meir hensikts-messig som arbeidsverkty.

## Kommuneplanens arealdel

Arealdelen dekkjer alt areal i kommunen, og syner noverande og framtidige utbyggingsområde, landbruksareal og vern, mellom anna.

## Overordna planverk

Namn	Vedtak	2024	2025	2026	2027	Merknad
Planstrategi	2021				x	Vedtak av ny planstrategi hausten 2027.
Kommuneplanens samfunnsdel	2018		x	x		Oppstart revidering i 2025, vedtak i 2026.
Kommuneplanens arealdel	2022				x	Gjere vurdering av revidering i 2027.
Økonomiplan	Årleg	x	x	x	x	
Klima- og miljøplan	2023					Ikkje planlagd revidert i perioden.
Overordna beredskapsplan	2016	x	x	x	x	
Heilskapleg ROS	2016	x	x			

Utarbeidninga av arealdelen er ein demokratisk prosess der innspel for innbyggjarane og aktørar med planar i kommunen kjem med innspel. Arealdelen er vedteken i 2021. Det er i skrivande stund ikkje vurdert som naudsynt å revidere denne med det fyrste, men det er lagt opp til ei ny vurdering i 2027.

Arbeidet med arealplanar bør konsentrerast om revidering av eldre reguleringsplanar i område med størst press, til dømes Bismo, samt bistand inn mot regulering av ny riksveg 15 Skjåk-Stryn. I tillegg naturlegvis rådgjeving og handsaming knytt til private reguleringsplanforslag.

### **Økonomiplan**

Økonomiplanen er kommuneplanens handlingsdel. Her skal måla i kommuneplanen prioriterast og konkretiserast. Koplinga mellom kommuneplanen og økonomiplanen kan med fordel styrkast. Slik vil ein få ein årleg gjennomgang av kommuneplanen. Dette fører til at bandet til den vedtekne kommuneplanen blir sterke – både politikk og administrasjon vil slik kunne kjenne betre til innhaldet og bruke planen meir aktivt.

### **Klima- og miljøplan**

Klima- og miljøplanen fungerer som ein sjølvstendig kommunal temaplan som skal brukast som underlag for alle avgjerder som kjem inn på klima og miljø i kommunen. Den er vedteken i 2023 og det er ikkje planlagd revidering av denne i perioden.

### **Overordna beredskapsplan**

Med utgangspunkt i ROS-analysen skal kommunen utarbeide ein beredskapsplan. Denne skal syne tiltak kommunen har førebudd for å handtere dei uønskte hendingane som er synt i ROS'en. Skal vere oppdatert og reviderast minimum årleg.

### **Heilskapleg ROS**

Kommunen pliktar å kartlegge kva uønskte hendingar som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynet for at hendingane faktisk skjer og korleis dei kan påverke kommunen. Resultatet av desse vurderingane skal samanstillast i ein heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS). Gjeldande ROS er utarbeidd som eit samarbeid i regionen. Skjåk kommune utarbeider nå eigen ROS.

Krava om overordna beredskapsplan og ROS er heimla i sivilbeskyttelseslova.

## Tema- og sektorplanar

Namn	Vedtak	2024	2025	2026	2027	Merknad
Utmarksplan	1999					Ikkje planlagd revidert.
Beitebruk- og beredskapsplan	2019					Ikkje planlagd revidert i perioden.
Forvaltningsplan for hjortevilt 2021-2029					x	
Hovudplan for skogbruket	Ny		x			
Hovudplan VA	2024					Revidering i 2029.
Hovudplan veg	2023					Revidering i 2030.
Vedlikehaldsplan VA	Årleg	x	x	x	x	
Vedlikehaldsplan kommunale vegar	Årleg	x	x	x	x	
Vedlikehaldsplan kommunale bygg og anlegg	Årleg	x	x	x	x	
Plan for kommunal bygningsmasse	Ny		x	x		
Trafikksikringsplan med handlingsplan	2018	x	x			
Kulturminnevernplan	2010	x	x			Blir erstatta av kulturmiljøplan
Kommunedelplan for fysisk aktivitet og naturopplevelingar	2014					
Førebyggande plan for oppvekst	2023					Ikkje planlagd revidert i perioden.
Strategisk plan for helse- og omsorgstenester	2023			x		
Omdømmestrategi	2021					Revidering 2029
Næringsstrategi	2022					Revidering 2029
Bustadsosial handlingsplan 2015-2020	2015		x			
Folkehelseoversikt	2024				x	
Reguleringsplan for Bismo	Ny	x	x			
Reguleringsplan for Bismo industriområde	1975		x	x		
Reguleringsplan for Bismo industriområde II	2004		x	x		Vurdere om denne bør omfattast av ny reguleringsplan for Bismo.
Reguleringsplan for Huldrehaugen bustadområde	Ny		x	x		

## Interkommunale planar

Namn	Vedtak	2024	2025	2026	2027	Merknad
Fagplan for arbeid med psykisk helse og rus	2017		x	x		Arbeidast inn i kommuneplanens samfunnsdel.
Interkommunal ruspolitisk handlingsplan	2016		x			
Handlingsplan kreft-omsorga i Sel, Vågå, Lom og Skjåk	2017		x	x		Arbeidast inn i kommuneplanens samfunnsdel.
Handlingsplan og prosedyrar mot vald i nære relasjonar	2015		x	x		Arbeidast inn i kommuneplanens samfunnsdel.
Handlingsplan for førebygging og handtering av hatkriminalitet, radikalisering og valdeleg ekstremisme	2017		x	x		Arbeidast inn i kommuneplanens samfunnsdel.
Regional reiselivsstrategi	2012		x			
Gudbrandsdalen 2030	2023					Ikkje planlagd revidert i perioden.
Klima- og miljøplan for landbruket i Gudbrandsdalen	Ny		x			